



Dyrkolbotn Leirskole Fjellstove v/Signhild Dyrkolbotn  
Dyrkolbotn 119  
5994 VIKANES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3856 - 16/29163

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

24.10.2016

## Vedkomande klage på gebyr - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Administrasjonen syner til brev motteke her den 17.10.16 vedkomande krav om tilbakebetaling av gebyr.

### Saksutgreiing

Saka gjeld utrekning av tidsfrist og gebyr for søknad om rammeløyve, utsleppsløyve og delvis igangsettingsløyve, vedtak fatta 21.09.2016.

- Søknad vart registrert hos kommunen 29.12.2015.
- Den 07.01.2016 vart søknaden sendt i retur utan handsaming.
- Dette vedtaket vart påklaga den 25.02.2016.
- Plan- og miljøutvalet oppretthaldt administrasjonen sitt vedtak i utvalsmøte den 27.04.2016, og saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.
- Fylkesmannen omgjorde kommunen sitt vedtak den 08.08.2016
- Søknaden vart realitetshandsama på nytt i kommunen, og rammeløyve, delvis igangsettingsløyve og utsleppsløyve vart gjeve av kommunen den 21.09.2016

### Utrekning av tidsfrist/vurdering

I denne saka vart det fatta vedtak om avvising av søknad den 07.01.2016.

Det går fram av veiledning til forskrift om byggesak (SAK10) § 7-6 «*En kommune skal ikkje tilbakebetale byggesaksgebyr der kommunen først treffer et vedtak innenfor fristen på 12 uker, hvor deretter vedtaket blir opphevet etter klagesaksbehandling.*»

Tidsperioden mellom vedtak om avvising av søknad datert 07.01.2016 og Fylkesmannen sitt vedtak datert 08.08.2016 skal difor ikkje reknast med i 12-vekers fristen. Saka er i denne perioden oversendt til Fylkesmannen og det skal ikkje i den perioden utførast sakshandsaming på kommunalt nivå.

Kommunen mottok Fylkesmannen sitt vedtak den 08.08.2016, og det vart fatta vedtak om rammeløyve, delvis igangsettingsløyve og utsleppsløyve 21.09.2016. Kommunen nytta 6 veker og 2 dager på å fatte vedtak i saka frå vi vart gjort kjent med Fylkesmannens vedtak.

Vi kan difor ikkje sjå at fristen for handsaming av Dykkar søknad er gått utover 12-vekersfristen.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Når det gjeld gebyr for utsleppsløyve, følger det av forureiningsforskrifta § 12-5 at «*Fullstendig søknad i overensstemmelse med krav i § 12-7 til § 12-13 skal avgjøres av kommunen innen seks uker. Dersom kommunen ikke har avgjort slik søknad innen fristens utløp, regnes tillatelse for gitt såfremt det ikke er grunn til å tro at noen part vil være misfornøyd med dette*». I desse sakene er det ikkje gebyrreduksjon dersom fristen vert overskriden.

Vi ber om tilbakemelding dersom De framleis ynskjer at vi handsamar Dykkar klage på gebyr i denne saka.  
**Frist for tilbakemelding er satt til 02.11.2016.**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Dyrkolbotn Leirskole Fjellstove  
v/Signhild Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 119 5994

VIKANES